

# ÅRSMELDING FOR NORSK FILMINSTITUTT 2002

Norsk filminstitutt er ein institusjon under Kultur- og kyrkjedepartementet. Filminstituttet skal vere eit organ for statens politikk på filmområdet med hovudoppgåve å bevare, formidle og profilere norsk film i Noreg og utlandet

## Vanleg vising

## ORGANISASJON

I juni 2002 blei ny organisasjonsplan iverksett. Den nye organisasjonen består av fem avdelingar og to stabseiningar.

Vigdis Lian - direktør  
Erlend Jonassen - assisterande direktør og leiar for stabseininga Informasjon, kommunikasjon, teknologi og utvikling  
Else Mari Vikre - økonomisjef og leiar for økonomisk og administrativ stab

Dei fem avdelingane er:

Filmbutikken - leiar Lise Gustavson  
Filmarkivet - leiar Kjell Billing  
Film & publikum - leiar Mia Lindrup  
Cinemateket - leiar Jan Langlo  
Utlandsavdelinga - leiar Jan Erik Holst

## INTERNETTSIDER — WWW.NFI.NO

Nye websider blei lanserte hausten 2001. Sidene skal vere den viktigaste kjelda til informasjon om NFIs aktivitetar, i tillegg til å formidle filmrelaterte nyhende. Besøket på websidene har auka formidabelt sidan lanseringa. Frå desember 2001 til desember 2002 auka talet på besøk på websidene med nær 300 %.



Filmens Hus - foto: Jan Ung

	des 2001	des 2002
--	----------	----------

Leste sider	48 217	92 426
Estimert besøk	5 840	22 666

## UTVIKLINGSARBEID

Utviklingsarbeid er eit nytt hovudsatsingsområde for Norsk filminstitutt. Arbeidet er konsentrert om juridiske, forretningsmessige og teknologiske sider ved digital distribusjon av film til kinoar, undervisningsstader, institusjonar og privatmarknaden. Til dette arbeidet fekk Norsk filminstitutt i 2002 tilsegn om 1,2 millionar frå midlar administrerte av Noregs forskingsråd gjennom HØYKOM (Program for tilskott til høghastigheitskommunikasjon)

## KINODRIFTA

Kinosalane Tancred (195 plassar) og Lillebil (68 plassar) blir utleidde når Norsk filminstitutt ikkje har visingar. Ein vesentleg del av dette er filmbyråas pressevisingar. Norsk filminstitutts egne visingar inkluderer Cinemateket, midtukematinéar, visingar for ambassarar, arkivpåsyn og anna.

### Bruk av kinosalane.

	1998	1999	2000	2001	2002
Pressevisingar	209	239	237	290	283
Andre byråvisingar	113	58	59	55	92
Festival- og filmtreffvisingar				*284	*284
Heildagsarrangement	71	83	95	-	-
Instituttets egne visingar	1292	1231	1303	1199	1293
Andre enkeltvisingar	317	399	369	258	268

\* Ny kategori som betre viser talet på visingar, tidlegare ein del av kategorien heildagsarrangement.



Lillebil - foto: Statsbygg

## FILMARKIVET

Samlingane i arkivet inneheld det meste som er produsert av norske kort — og spelefilm, dokumentarfilm, reklamefilm, informasjons- og opplysningsfilm og utanlandske spelefilm som har vore viste på kino her i landet. Her ligg òg ansvaret for å samle inn, bevare, restaurere og gjere filmene tilgjengelege, med hovudvekta på den nasjonale filmarven. Filmmaterialet er av stor kultur- og samfunnshistorisk verdi, og er primært tilgjengeleg for studiar, forskning og dokumentasjon.



**Liv Ullmann og Georg Løkkeberg i  
An-Magritt, Arne Skouen - 1969**  
Restaurert av Norsk Filminstitutt i 1998  
Foto: Odd Geir Sæther

I 2002 flytta både filmarkivet og dokumentasjonstenestene store delar av samlingane til nytt fjernmagasin på Ensjø i Oslo.

Dokumentasjonsmaterialet her utgjer om lag 1000 hyllemeter pluss 170 hyllemeter med plakatar. Gjenstandssamlinga utgjer om lag 300 hyllemeter.

## RESTAURERT KORTFILM OG HISTORISK MATERIALE

Filmrestaureringa er oppgitt i meter ferdigrestaurert materiale

1998	1999	2000	2001	2002
9.124	4.230	6.348	4.450	4.529

## RESTAURERTE NORSKE SPELEFILMAR

Meter ferdigrestaurert spelefilm/langfilm:

1998	1999	2000	2001	2002
14.446	28.408	34.311	22.811	18.957

Restaureringa av norske langfilm/spelefilm skjer etter NFIs prioriteringslister. Dette inneber både titlar blant nitratbaserte filmar (frå før 1951) og filmar frå nyare tid, også fargefilm.

## SKANNING

Sjølv om optisk film er det beste bevaringsmediet, er skanning (overføring til profesjonelle videoformat) framleis ei høgt prioritert oppgåve, sidan det gjev mest brukarvenlege kopiar for forskarar, studier og ny produksjon av film og fjernsyn. Dette gjeld både kortfilm og langfilm/spelefilm. Totalt blei 7 langfilmar skanna i 2002.

## DEPONERING

Kvart år deponerer distributørar, produsentar, privatpersonar, institusjonar, organisasjonar, og andre film frivillig. Den største mengda kjem frå kinodistributørane, som deponerer spelefilmkopiar etter endt kinodistribusjon. Men hovudfokuset for filmarkivet er retta mot bevaring av den norske filmarven. I 2002 hadde filmarkivet ein auke på nærare 300 titlar, kort- og langfilm.

## PLIKTAVLEVERING

Norsk filminstitutt er mottaksinstitusjon for film og videogram i høve til lov om pliktavlevering. Etter den skal film som er offentleg vist, og video som er framstilt i meir enn 50 eksemplar leverast til NFI. I 2002 tok Norsk filminstitutt mot materiale frå 10 spelefilmar og frå 30 kortfilmar. I tillegg blei nærare 200 videogram avleverte. 10% av desse var på DVD.

## BRUK AV ARKIVMATERIALE

Bruken av filmarkivet kan delast i: 1) ønskje om tilgang/påsyn til forskning og studier, 2) lån av materiale til framsyning, og 3) tilgang til materiale for bruk i film- og videoproduksjon.

I 2002 hadde filmarkivet rundt 1000 førespurnader.

## DOKUMENTASJONSTENESTER

Biblioteket har ei rikholdig samling av filmlitteratur. Ein stor del av dei om lag 20.000 bøkene og 70 faste tidsskrifta i biblioteket er registrerte i BIBSYS. Dokumentasjonsarkivet har om lag 30.000 mapper med bilete og filmstoff som er magasinerte i arkivskap og registrerte dels i ein manuell kortkatalog og dels i databasen Mavis.

### Dokumentasjonstenester

	1998	1999	2000	2001	2002
Besøk	7 259	7 714	6018	5 739	5 074
Telefonspørsmål/e-post	1 416	1 035	855	1 007	1 013
Fotokopiar til kundar	7 105	4 955	4 255	4 120	4 042
Framhenting av arkivstoff	3 807	4 424	2 140	2 658	2 066
Bokutlån inkl. fjernlån	2 337	2 876	2 466	2 146	2 128



Utlån av bilete	1 008	447	327	1 467*	2 543*
Videopåsyn		45	130	112	115

\* Frå 2001 er utlån erstatta av kopiar leverte anten på papir (515 i 2002, mot 998 i 2001) eller digitalt (2028 i 2002, mot 469 i 2001).

Prioriterte oppgåver for dokumentasjonstenestene er knytt til databasesystema Mavis og Fotostation. Mavis er ein database for registrering av levande bilete og dokumentasjonsmateriale, mens Fotostation er eit prosjekt for digitalisering og registrering av biletesamlingar.

Biblioteket tar hand om norske filmmanus og mottok i 2002 meir enn 1200 nye manus. Mange av dei var til filmar som ikkje er produserte. Forklaringa på den store mengda manus er opprydding i samband med opprettinga av Norsk filmfond som stønadsgivar til filmproduksjon.

## FILMBUTIKKEN

Filmbutikken blei oppretta som ei eiga avdeling i Norsk filminstitutt sommaren 2002. Filmbutikkens verksemd er delt i eit videoforlag og butikkdrift. Utgjevingar frå Filmbutikken omfattar norske og utanlandske filmar på DVD og video samt filmlitteratur mellom anna Norsk filminstitutts skriftserie. Forutan eigne utgåver sel Filmbutikken video, VHS og DVD, frå andre distributørar i Noreg og utlandet (direkteimportert film) samt bøker og andre filmrelaterte varer.

Butikkdrifta er organisert gjennom utsalet i Filmens Hus, nettbutikken og kundeservice. Gjennom Internett har publikum tilgang på video og DVD heile døgnet.



Filmbutikken - foto: Jan Ung

## Norsk kort- og dokumentarfilm

Filmbutikken prioriterer særleg den norske filmen og gir ut norske kort- og dokumentarfilm på samlekassetar eller som eigne utgåver. *'Norsk Stil'* er eit døme på ei DVD-utgjeving med ei samling av 22 norske kortfilm gjennom 15 år. DVDen har selt bra og er blitt positivt motteke av dei andre nordiske filminstitutta.

## Norsk spelefilm

Filmbutikken sørger òg for at eldre norske spelefilmer er tilgjengelege for ålmenta på video, både ved egne utgjeingar og i samarbeid med dei kommersielle distributørane.

## Barne- og ungdomsfilm

For å sikre barn og unge eit godt audiovisuelt tilbod er ca. 1/3 av distribusjonen retta mot barn og unge. Det blei i 2002 kjøpt inn 15 kortfilmer for barn med rettigheitar for alle marknader, dvs. inkludert skolar og institusjonar. 7 av filmene blei versjonerte til norsk i Norsk filminstituttts lydstudio.

## FILMBUTIKKENS SAL

Sal video - egne utgåver gjennom eigen distribusjon:

	1998	1999	2000	2001	2002
Video VHS	14 686	14 409	14 916	15 008	14930
DVD				551	592

Sal video - egne utgåver gjennom ekstern distributør:

Antall varer	1998	1999	2000	2001	2002
Video VHS	2 405	2899	740	2313	1 538
DVD					3273

Totalt sal av egne utgåver:

Antall varer	1998	1999	2000	2001	2002
Video VHS	17 091	17 308	15 656	17 321	16 468
DVD				551	3 865
<b>Sum video</b>	<b>17 091</b>	<b>17 308</b>	<b>15 656</b>	<b>17 872</b>	<b>20 333</b>

Sal av importfilm og film frå andre norske distributørar:

	2002
Video VHS	6083
DVD	3773

## Sal via nettbutikk:

	<b>2002</b>
Video VHS — egne utg.	2838
DVD — egne utg.	86
Video VHS - frå ekst.distr	862
DVD — frå eksetern distr.	583

## Sal av lysbilete og trykksaker:

	<b>1998</b>	<b>1999</b>	<b>2000</b>	<b>2001</b>	<b>2002</b>
Lysbiletseriar	2096	898	400	333	1119
Hefter og bøker	3896	2810	2177	1123	1018

Sal av lysbilete tok slut sommaren 2002. Eit slutttilbod til skolane forklarar det høge salstalet for 2002.

## Utleige:

	<b>1998</b>	<b>1999</b>	<b>2000</b>	<b>2001</b>	<b>2002</b>
Video VHS	30 730	28 049	21 356	17 800	14903
16 mm-film	3 066	2 261	1 085	725	166
<b>Samla utleige</b>	<b>33 796</b>	<b>30 310</b>	<b>22 441</b>	<b>18 525</b>	<b>15 063</b>

16 mm-filmutleige blei lagt ned frå 30.6.0

## CINEMATEKET

Cinemateket viser høgdepunkt frå filmhistoria og nyare filmar som elles ikkje blir viste i Noreg. I dei to velutstyrte salane Tancred og Lillebil visast 20 filmar delt på fem kveldar i veka, heile året.

Cinematekets mål er å gje publikum tilgang til dei sentrale verka frå filmhistoria, samt å ta pulsen på dagens filmkultur i breidde og variasjon. Norsk filminstitutt er medlem av FIAF, den internasjonale organisasjonen for filmarkiv, og Cinemateket har med det eksklusiv tilgang på ei rekkje filmar som elles ikkje kan visast i Noreg. Nytt program blir lansere seks gonger i året.

Cinemateket presenterte i 2002 klassiske regissørar som Stanley Kubrick, Victor Sjöström, Eric Rohmer, Billy Wilder, Andrej Tarkovskij, Sam Peckinpah og Terrence Malick, og samtidige regissørar som Catherine Breillat, Harmony Korine, Julio Medem, Terry Gilliam, Coen-brødrene, Emir Kusturica m.fl.

Cinemateket hadde i 2002 besøk av den amerikanske forfattere Paul Auster, den tsjekkiske regissøren Jiri Menzel, Stanley Kubricks produsent Jan Harlan, storyboard-teiknaren David Russell, den israelske regissøren Amos Gitai, den palestinske regissøren Elia Suleiman, og dei svenske dokumentarfilmskaparane Stefan Jarl og Pål Hollender.

Cinemateket arrangerte i april den første Europeiske Dokumentarfilmfestivalen og i august den tredje 70 mm-festivalen. Dessutan samarbeidde Cinemateket med festivalane Skeive Filmar, Film frå Sør, Ultima og Kortfilmfestivalen.

Cinemateket i tal:

	1998	1999	2000	2001	2002
Besøk	37 298	38 022	36 468	42 713	52 781**
Selde medlemskort *	7 491	7 969	7 406	7 955	7 921
Framsyningar	910	914	950	889	978

\* Medlemskort varer i 6 månader

\*\* Det totale besøket, inkludert gratisvisingar og fribillettar var 57.877

## UTLANDSAVDELINGA



## PROFILERING AV NORSK FILM I UTLANDET

Norsk filminstitutt har ansvar for presentasjon og profilering av norske filmar i utlandet, og deltar på ein rekkje internasjonale festivalar og marknader. Instituttet samarbeider tett med filmprodusentane og salsagentane deira. For kortfilm er Filminstituttet ofte salsagent. Viktige internasjonale arenaer er filmfestivalane i Amsterdam (dokumentarfilm), Cannes, Clermont-Ferrand (kortfilm), Berlin, Toronto og Venezia samt tv-messene i Cannes.



*Folk flest bor i Kina - Motlys, 2002*

Filminstituttet har eit utstrekt samarbeid med nordiske og europeiske organisasjonar, som Filmkontakt Nord, Scandinavian Films og European Film Promotion.

## NORSKE FILMAR INVITERTE TIL Å DELTA PÅ VIKTIGE INTERNASJONALE FESTIVALAR

Tabellen omfattar talet på titlar (enkeltfilm) og talet på festivalpresentasjonar, slik at om éin film deltek på 5 festivalar, tel dette som 1 tittel og 5 festivalar. (Desse tala viser ikkje all deltaking ved utanlandske festivalar og mønstringar, berre deltaking ved festivalar som etter nærare reglar er definerte som viktige.)

### Spelefilm

1998	1999	2000	2001	2002
27 titlar 63 festivalar	30 titlar 90 festivalar	36 titlar 85 festivalar	30 titlar 94 festivalar	27 titlar 75 festivalar

Dei mest etterspurde filmene i 2002 var: *Glasskår* på 25 festivalar med god start i barnefilmkonkurransen og med prisar i Berlin i februar. Oscar-nominerte *Elling* på 19 festivalar, *Øyestikker* med internasjonal premiere i Gøteborg og Panorama-seksjonen i Berlin på 17 festivalar, *Tyven, tyven* med internasjonal premiere i Variety-seksjonen i Karlovy Vary i juli på 10 festivalar, *Amatøren* på 9 festivalar. *Musikk for bryllup og begravelser* er den som blei invitert til dei mest prestisjetunge festivalane, med internasjonal premiere i Venezia (som første norske film sidan 1986), og einaste norske bidrag til Toronto. 15 av titlane har berre delteke på ein festival. Tala inkluderer òg den norske satsinga på festivalane i Moskva, St. Petersburg og Warsawa.

### Kort- og dokumentarfilm

1998	1999	2000	2001	2002
128 titlar 67 festivalar	75 titlar 68 festivalar	65 titlar 73 festivalar	77 titlar 110 festivalar	74 titlar 86 festivalar

I år 2002 stod kortfilmene *Aria* (Pjotr Sapegin), *Tornehekken* (Anita Killi), *Mens du står utenfor* (Nina F. Grünfeld), *Kosmonaut* (Stefan Faldbakken), *Hormoner og andre demoner* (Sara Johnsen) og *Naturlige briller* (Jens Lien) for dei fleste festivaldeltakingane. Blant dokumentarfilmene låg *Alt om min far* (Even Benestad) på topp.

#### Prisar spelefilm

1998	1999	2000	2001	2002
10	13	15	21	26

11 av dei 26 internasjonale prisane for spelefilm gjekk til *Glasskår* (Lars Berg), mens *Elling* (Petter Næss) fekk 6 prisar samt Oscar-nominasjon for beste framandspråklege film. *Musikk for bryllup og begravelser* (Unni Straume) blei nominert til Nordisk Råds filmpris.

#### Prisar kort- og dokumentarfilm

1998	1999	2000	2001	2002
21	25	21	32	61

Prisane til kort- og dokumentarfilm fordeler seg med 17 til dokumentarfilm og 44 til kortfilm. Blant dokumentarfilmene fekk *Alt om min far* (Even Benestad) 9 internasjonale prisar samt nominasjon til både Nordisk Råds filmpris og European Film Award for beste dokumentarfilm. Blant kortfilmene fekk *Tornehekken* (Anita Killi) 13 prisar samt nominasjon til Cartoon d'Or; *Aria* (Pjotr Sapegin) fekk 12 prisar og *Procter* (Joachim Trier) blei nominert til European Film Award for beste kortfilm. I tillegg fekk kortfilmfrå Den norske filmskolen på Lillehammer 7 internasjonale utmerkingar.

## SAL AV KORTFILM

I tillegg til festivalarbeidet har Filminstituttet òg ansvar for sal av norske kort- og dokumentarfilm i utlandet, og representerer 90—95% av kortfilmprodusentane.

Norske kort- og dokumentarfilm har eit stort publikum utanfor Noreg og blir selde til alle slag distribusjon — først og fremst dei tradisjonelle kanalane som TV, kinodistribusjon og video, men òg til DVD-utgåver (frå 1996) og Internett- og breibandsdistribusjon (frå 1999).

#### Sal av norske kortfilm til utlandet:

1998	1999	2000	2001	2002
105	105	97	90	88

## FILM & PUBLIKUM

Avdelinga blei oppretta i juni og arbeider for å auke interessa for norske filmar og filmkultur i Noreg gjennom formidling av film, filmhistorie og filmkultur til ålmenta.

## AMANDUS

**Amandus** er ein filmfestival som blir arrangert kvar vinter på Lillehammer og som set fokus på barn og unge som tar i bruk levende bilete som uttrykksmiddel. Barn og unge over heile landet kan delta i ein video- og manuskonkurransse. Vinnarar blir kåra under det store Amandusshowet som blir sendt på TV.

Talet på bidrag til Amandus-konkurransen

	1998	1999	2000	2001	2002
Filmar	85	106	124	128	162
Manus			25	60	55



Fra Filmmuseet på Norsk filminstitutt  
Foto: Jan Ung

## FILMMUSEET

Viktige avsnitt den frå norske filmhistoria trekkes fram i **Filmmuseet**. Filmmuseet er ope for publikum fem dagar i veka. Skolar og andre grupper får tilbod om omvising. Her kan dei vandre gjennom historia til dei levende bileta, frå dei spanske hulemaleria til dagsaktuelle norske filmar. Her kan dei òg prøve modellar og originale apparat. Filmmuseet hadde i 2002 eit besøk på 4040.

## Utstillingar

I 2002 blei desse utstillingane viste utanom Filmmuseets faste opplegg:

Møte med Lavasir Nordrum - Tilnærmet uendeleg

Wenche Foss — Rollebilete gjennom 60 år

Marlene Dietrich

Guggen — animasjonsfigur frå boka Du store Gauda

Cinematokets plakatar av Kim Hiorthøy

Davis Russel — Rute for rute: Storyboardteiknar David Russel

Hamsun på lerret og Hamsun i ramme

## PUBLIKASJONAR

### Norsk filminstitutt skriftserie 2002

Nr 16: Henie i Hollywood, Mona Pedersen, ISBN 82-8025-008-5

Herr Film: Festskrift til Pål Bang Hansen, ISBN 82-8025-007-7

Mitt liv som film, samarbeid Norsk filminstitutt og Tiden Norsk Forlag, redaktør Anne Hoff, ISBN 82-10-04705-1

Cinematekets programkatalogar (seks utgåver)

Norwegian Films 2002, ISBN 82-8025-006-9

## FILMFRAMSYNINGAR FOR BARN OG UNGE

Norsk filminstitutt arrangerte skolekinoframsyningar etter fastlagt program i heile 2002. Det var i alt 3000 barnehagebarn og skoleelevar på filmvisingane i Filmens Hus. I tillegg gjesta ca. 1000 skoleelevar og lærarar filmvisingane under Cinedays - ei europeisk filmveke i november som viste ni filmar frå den norske, nordiske og europeiske filmarven. I tillegg var skodespelarar og regissørar frå fleire av dei norske filmene gjester i løpet av veka. Det blei òg arrangert ulike seminar og workshops i løpet av Cinedays.

## mzoon

Ein medieverkstad på nett ([www.mzoon.no](http://www.mzoon.no)) for ungdom i alderen 13-25 år som lærer ungdom å lage film, skrive artiklar og kritikkar og publisere egne produksjonar på web.

mzoon skal vere ein stad der ungdom produserer, møter profesjonelle filmskaparar, journalistar, manusforfattarar og musikarar og får tilbakemelding på egne produksjonar.

mzoon blei lansert på nettet 26. februar. I løpet av året har nettstaden aktivisert ca 2500 brukarar. Det blei i løpet av året halde fem ulike workshops og eitt kurs om vald og sensur på film, sistnemde i samarbeid med Statens filmtilsyn.

## ARRANGEMENT

Norsk filminstitutt hadde ei rekkje arrangement i form av utstillingsopningar, filmdagar, samarbeidsprosjekt, samt større arrangement retta mot ålmenta. Totalt var det 17 arrangement av denne typen. (Vedlegg 5 — Arrangement 2002)

## SKOLEFILMUTVALET

Statens skolefilmvalg (SFU) er oppnemnt og finansiert av Utdannings- og forskingsdepartementet. Det har sekretariat i Norsk filminstitutt. SFU arbeider for å fremje film i skolen. Skolefilmutvalet laga 16 filmstudieark i 2002, ga støtte til 11 filmar til undervisningsformål, 3 elevproduksjonar og 6 filmfestivalar/ seminar. Skolefilmutvalet har halde kurs for lærarar og kinosjefar, samt produsert ein video, *Film på vekeplanen*, for å oppmuntre til bruk av skolekino.

# IMPORTSTØTTE

Norsk filminstitutt støtta import av 9 filmar for kinodistribusjon i 2002, av desse var 3 barnefilm. 3 av filmene blei importerte etter at dei fekk distribusjonsprisar på Tromsø internasjonale filmfestival, Bergen internasjonale filmfestival og FaBu i Sandnes

## VEDLEGG

### Vedlegg 1

## RESULTATREGNSKAP ÅR 2002

<i>Kap. 0334 post 01 Norsk filminstitutt</i>	(i 1 000)			
	Budsjett	Regnskap	Budsjett	Regnskap
	2002	2002	2001	2001
<b>Post 01 Lønn og godtgjøring:</b>	<b>22 974</b>	<b>22 980</b>	22 661	22 726
- 01 Faste stillinger		19 063		19 144
- 02 Ekstrahjelp		1 052		1 250
- 07 Honorarer		25		373
		20 140		20 767
01-18 Arbeidsgiveravgift 14,1%		2 840	-	2 928
Sum post 01.11	22 974	22 980	22661	23 695
Refusjon syke/fødselspenger	-769	-769		-969
<b>Sum lønn og godtgjøring</b>	<b>22 205</b>	<b>22 211</b>	<b>22 661</b>	<b>22 726</b>
<b>Post 01.2 Varer og tjenester:</b>	<b>30 542</b>	<b>30 534</b>	<b>28767</b>	<b>28 226</b>
01.21 Maskiner, inventar og utstyr	1 602	1 600		1 486
01.22 Forbruksmateriell	737	772		1 553
01.23 Reiseutg. repres. opplæring, velf.	2 119	2 073		2 250
01.24 Kontortjenester m.m.	5 020	4 947		4 108
01.25 Konsulenttenester m.m..	845	847		949
01.26 Fagrelaterte utgifter	7 357	7 400		6 036
01.27 Vedlikehold mask./ transport	1 225	1 179		1 058
01.28 Vedlikehold bygg og anlegg	96	117		48

01.29 Bygningers drift, lokalleie	11 541	11 599		10 738
<b>Sum post 01.2</b>	<b>30 542</b>	<b>30 534</b>	<b>28 767</b>	<b>28 226</b>
<b>Totalt driftskostnader post 01</b>	<b>52 747</b>	<b>52 745</b>	<b>51 428</b>	<b>50 952</b>
<b>Post 21 Oppdragsutgifter:</b>	<b>16 304</b>	<b>16 304</b>	<b>17 039</b>	<b>17 039</b>
Lønn og godtgjøring oppdrag		2 380		3 253
Arbeidsgiveravgift		336		459
Andre oppdragsutgifter		13 588		13 327
<b>Sum post 21 oppdrag</b>	<b>16 304</b>	<b>16 304</b>	<b>17 039</b>	<b>17 039</b>
<b>Totale kostnader drift/oppdrag</b>	<b>69 051</b>	<b>69 049</b>	<b>68 467</b>	<b>67 991</b>
<b>Ymse inntekter:</b>				
Kap 3334 post 01 og 02				
Post 01 Driftsinntekter	5 000	4 825	4 960	4 506
Post 02 Inntekter ved oppdrag	16 304	16 304	17 039	17 039
<b>Totale inntekter drift og oppdrag</b>	<b>21 304</b>	<b>21 129</b>	<b>21 999</b>	<b>21 545</b>
<b>Kap 0334 post 78 Tilskudd "Diverse tiltak på filmområdet"</b>				
Tilskudd festivaler, importstøtte m.m.	4300	4300	3600	3600

## Vedlegg 2

# RESTAURERTE OG KOPIERTE FILMAR 2002

## Kortfilm/historisk materiale - restaurert/kopiert/overført

Kalifens hemmelighet (1936) 70 meter  
 En fargesymfoni i blått (1936) 32 meter  
 En cigarett, en drøm (1938) 48 meter  
 Martens kjeks (1937: reklamefilm med Wenche Foss)\* 40 meter  
 På vippen (Johs. Jensen 1937: reklamefilm med Wenche Foss)\* 380 meter  
 Frem med smilet (Wilse Film Co. 1939: reklamefilm med Wenche Foss)\* 100 meter  
 Lev vel - mitt hjemland (Knut Erik Jensen 1975) 164 meter  
 Ingøy på Ingøy (K.E. Jensen 1976) 460 meter  
 Nordkappespressen (K.E. Jensen 1975) 280 meter  
 200 kg på stampen (K.E. Jensen 1978) 300 meter  
 Med "Saltdalen" på tørrfiskfrakting (K.E. Jensen 1975) 502 meter  
 Andrew (K.E. Jensen 1973) (kun scanning) 292 meter  
 Nordkapp kommune, en presentasjon (K.E. Jensen 1974) (kun scanning) 513 meter  
 Farvel da, gamle Kjølvikfjell (K.E. Jensen 1974) (kun scanning) 513 meter  
 Klemetsrudfilmen (scanning) 610 meter  
 17. mai Fagernes (1938) (scanning) 300 meter  
 Fetsund lenser (1954) (scanning + kommentarpålegg) 60 meter



Spill selv (Knut Andersen 1962) (scanning) 365 meter  
Kortfilm/historisk materiale total: 4.529 meter

## Spelefilm

Laila (George Schnéevoigt 1929)\* 3.324 meter  
Den forsvunne pølse-maker (Toralf Sandø 1941)\* 2.730 meter  
Trollfossen (Alf Scott-Hansen 1948)\* 2.364 meter  
Ni liv (Arne Skouen 1957) 2.640 meter  
Ugler i mosen (Ivo Caprino 1959) 2.579 meter  
Flåklypa Grand Prix (Caprino 1975) (NB! kjøp av kopi) 2.406 meter  
Karjolsteinen (Knut Andersen 1977) 2.914 meter  
Total, spillefilm: 18.957 meter

\* Arbeid som er gjort ved Nasjonalbiblioteket avd. Rana på bestilling fra Norsk filminstitutt.

## Spelefilmer som blei skanna:

Hansen og Hansen (Alfred Maurstad 1941)  
Den nye lægen (Rasmus Breistein 1943)  
Rikard Nordraak (A. Scott-Hansen 1945)  
Vi flyr på Rio (Å. Ohrberg/H. Kolstad 1949)  
Kon-Tiki (1950)  
På tokt med Terna (Carsten Byhring 1958)  
Døden i gatene (Arnljot Berg 1970).

## Vedlegg 3

# INNKJØPTE TITLAR TIL VIDEODISTRIBUSJON 2002

## BARNEFILMAR

Kongen som ville ha mer enn en krone  
Tornehekken  
Guggen  
Bare barn er barn:  
Ha-med-dagen  
Ædda Bædda  
Eremittkrepsen  
Kineseren  
Bare kødd  
Mormor og de åtte ungene i byen  
Mormor og de åtte ungene i skogen  
Rakkerungene — Hevnerklubben  
Rakkerungene — Gjenforeningen  
Rakkerungene — Mammass små røvere  
Rakkerungene — Forelska i lærer'n  
Gubben og katten II — Findus drar til månen

Propp & Berta  
Svart stemme  
Sigøynerspeilet  
Mens du står utenfor.  
Punkttert  
Det var en gang et menneske 1 - 12

## KORTFILMAR/SPELEFILMAR

Music for one apartment and six drummers  
Stompa selvfølgelig  
Stompa forelsker seg  
Stompa til sjøs  
Stompa og Co.  
Kort og godt fra Kortfilm-festivalen 2001:  
Restless  
Å se en båt med seil  
Første akt  
Dagen jeg drepte en syklist  
En tilfeldig historie  
Korte filmfortellinger:  
Kosmonaut  
Makronstang  
Spenn  
Neon  
Sukker og kanel  
Hurra for mamma.  
Skårungen.  
Norsk Stil: DVD-utgivelse med 22 norske kortfilmer gjennom 15 år

Stil  
S'il vous plait  
Gutta  
Life is hard and then you die  
Dolce Vita  
Søndagsmiddag  
Avsporing  
Bingoplassen  
Gull og grønne skoger  
Korte notater  
Just do it  
Kinobilletten  
Dypets ensomhet  
Lukten av mann  
Tann for tann  
Solvorn  
Fråtseri  
Døren som ikke smakk  
Utukt  
iNSIDEoUT  
Naturlige briller  
Morgenstemning

## DOKUMENTAR

Alisons baby  
Freuds verden  
Lykkejegerne  
Fuckin' rock'n Rolla  
Fiin aargang — portretter fra et århundre  
Alias: Slayer  
Drømmer i pappeske  
Junkies  
Carsten E Munch — en film- og kinopioner  
Barn i krigens århundre  
Kunsten å overleve, tre mennesker på kanten av det mulige  
Det hendte i går, det hender i dag  
Fengselsbrødre  
Fattighuset  
Lesbisk i Kautokeino  
Løfter

### Vedlegg 4

## Prisar til norske spelefilmer 2002

### **Elling (Petter Næss)**

Audience-Award, Wuerzburg International Film Weekend, Tyskland  
Oscar-nominasjon, beste utenlandske film  
Audience Award, Nordic Film Festival, Rouen, Frankrike  
Best Actor: Per Christian Ellefsen, Nordic Film Festival, Rouen, Frankrike  
Audience Prize, Grenzeland, Tyskland  
Best Film, Seattle International Film Festival, USA  
Audience Award, Warsaw International Film Festival, Polen

### **Glasskår (Lars Berg)**

Grand Prix, Berlin International Film Festival, Tyskland  
Crystal Bear, Berlin International Film Festival, Tyskland  
Great Prize "Guri", International Film Festival for Children and Youth, Montevideo, Uruguay  
Best Feature Film, International Film Festival for Children and Youth, Montevideo, Uruguay  
CIFEJ Award, International Film Festival for Children and Youth, Montevideo, Uruguay  
Grand Prix Golden Griffon, Giffono, Italia  
Best Actor: Eirik Evjen, Giffono, Italia  
Best Nordic Children and Youth Film Norwegian International Film Festival, Haugesund  
Camerio Humanitas, Carrousel International du Film de Rimouski, Canada  
Best Film, Chicaco International Children's Film Festival

### **Jeg er Dina (Ole Bornedal)**

Publikumspris, Nordisk filmfestival, Kautokeino  
Audience Award, World Film Festival, Montreal, Canada  
Best Actress: Maria Bonnevie, World Film Festival, Montreal, Canada

Amanda, Beste skuespillerinne: Maria Bonnevie

### **Musikk for bryllup og begravelser (Unni Straume)**

Nominert til Nordisk Råds Filmpris 2002

### **Øyestikker (Marius Holst)**

Kodak Nordic Vision, Gøteborg Film Festival, Sverige

NDR Promotion Award, Nordische Filmtage Lübeck, Tyskland

## **Prisar til norske kortfilmer 2002**

### **80 grader aust for Birdland (Sølvi A. Lindseth)**

Special Jury Award, Short Shorts Film Festival, Japan/Malaysia/Korea

### **Aria (Pjotr Sapegin)**

Jury Award, Short Film and Video Festival, Yorkton, Canada

Norsk Filmkritikerlags pris, Kortfilmfestivalen

Best International Short Film, Festival du cinéma Francophone Int. en Acadie, Moncton, Canada

Juryens 3<sup>rd</sup>. prize for Best Film, Anima Mundi, Rio de Janeiro, Brasil

Grand Prix, Odense Int. Short Film Festival, Danmark

Amanda for beste kortfilm

Hederlig omtale, Nordisk Panorama, Oulu, Finland

Honorary mention, Leipzig International Documentary and Animation Film Festival, Tyskland

Louis le Prince Short Animation Award, Leeds, UK

Bronze Plaque Award, Columbus Int. Film & Video Festival, Worthington, USA

### **Clinton the Musical (Dag Johan Haugerud)**

Special Mention, Capalbio Int. Short Film Festival, Italia

### **Dykk (Sirin Eide)**

2<sup>nd</sup> Prize, Live Action Short Film, Chicago International Children's Film Festival, USA

### **Hell og Lykke, Herr Gorsky (Astrid A. Aakra)**

Hederlig omtale, Kortfilmfestivalen

Norsk filmforbunds fagpris, Kortfilmfestivalen

Beste animasjonsfilm, Zoomin, Oslo

### **Kosmonaut (Stefan Faldbakken)**

Special Mention, Festival du ciné de Huesca, Spania

Best live action short film, Melbourne International Film Festival, Australia

### **Mens du står utenfor (Nina F. Grünfeld)**

Beste kortfilm, FABU, Sandnes 2001

Poznan Silver Goat for the Best Shortfilm, Poznan Children and Youth Film Festival, Polen

Honorary Mention, Trevignano Int. Short Film Festival, Italia

The Childrens Prize for Best Short Film, Cine para dos Niños, Mexico City, Mexico

Busters kortfilmpris, Buster Barnefilmfestival, København, Danmark

### **Misunnelse (Marit Åslein)**

International Jury Award for the Best Short Film, Brief Encounters Short Film Festival, Bristol, UK

**Naturlige Brilller (Jens Lien)**

Prix Canal + Belgium, Brussels International Festival of Fantasy, Sci-Fi and Thriller, Belgia  
Premio festival tres-courts, Venezia Short Film Festival, Italia  
Audience Award, Imago Short Film Festival, Covilhã, Portugal

**Peel Off (Therese Jacobsen)**

Juryens spesialpris, Kortfilmfestivalen

**Pommes d'Amour (Nicolas Provost)**

Hederlig omtale, Kortfilmfestivalen

**Procter (Joachim Trier)**

Terje Vigen-prisen, Kortfilmfestivalen  
Dolbyprisen, Kortfilmfestivalen  
Kodak Short Film Bureau Award for Best British Short Film, Edinburgh International Film Festival, Skottland  
Prix UIP, Edinburg International Film Festival, Skottland  
Golden Plaque, Chicago International Film Festival, USA  
Nominert til European Film Award, PRIX UIP, 2002

**Punktert (Christian Lo)**

Kodak/Tobis Award (til ung og lovende regissør), Ulisses Children and Youth Film Festival, Sintra, Portugal

**Que Serà, Serà (Geir Greni)**

Jameson Short Film Award, Kortfilmfestivalen

**Redd Barna (Terje Rangnes)**

Canal + Award, Nordisk Panorama, Oulu, Finland

**Restless (Therese Jacobsen/ Erik Vang)**

Best Short Film in Digital Video Award, Arcipelago Int. Film Festival, Roma, Italia

**Shit happens (Morten Hovland)**

Beste fiksjon, Zoomin, Oslo

**Skårungen (Per Ivar Jensen)**

Tromsøpalmen, Tromsø International Film Festival

**SortHvit (Peder Norlund)**

Special Mention, Medfilm Festival, Roma, Italia

**Stopp (Pål Øie)**

Best Short Film, Castillnara Children and Youth film Festival, Bellizona, Sveits

**Sveits (Erik Smith Meyer)**

Best Short Film, Mannheim-Heidelberg International Film festival, Tyskland

### **Tornehekken (Anita Killi)**

Special Mention, Kinderfilmfest - Berlin International Film Festival, Tyskland  
Best Youth Film, Seoul International Animation Film Festival, Korea  
Unicef Award, Annecy International Animation Film Festival, Frankrike  
Best Short Film, Carrousel International de Rimouski, Laval (Quebec), Canada  
Honorary Mention — Best direction, Cine para dos Niños, Mexico City, Mexico  
Honorary Mention — Best manuscript, Cine para dos Niños, Mexico City, Mexico  
Best Animation Short Film, Divercine Children and Youth Film Festival, Montevideo, Uruguay  
Unicef Award, Divercine Children and Youth Film Festival, Montevideo, Uruguay  
Honorary Mention, Krok Animation Film Festival, (St. Petersburg — Moskva) Russland  
Best Film Made for Children, Ottawa International Animation Film Festival, Canada  
The Liv Ullmann Peace Prize, Chicago International Children's Film Festival, USA  
2<sup>nd</sup> Prize, Animated Short Film, Chicago International Children's Film Festival, USA  
Nominert til Cartoon D'Or 2002, den høyeste utmerkelsen for animasjonsfilm i Europa

### **Tårer i øynene, (Hans Petter Blad)**

Hederlig omtale, Kortfilmfestivalen  
Dramatikerforbundets pris, Timeglasset, Kortfilmfestivalen

## **Prisar til norske dokumentarfilmer 2002**

### **Alt om min far (Even Benestad)**

Fipresci — International Film Critic's Award, Göteborg Film Festival, Sverige  
Teddy Award for best Documentary, Berlin International Film Festival, Tyskland  
The Special Documentary Prize, International Documentary Film Festival, München, Tyskland  
Best International Documentary, HotDocs, Toronto, Canada  
Beste dokumentarfilm, Kortfilmfestivalen  
Amanda - årets norske kinofilm  
Hederlig omtale, Nordisk Panorama, Oulu, Finland  
Sunny Rabbit Award, Molodist Int. Film Festival, Kiev, Ukraina  
2<sup>nd</sup> prize, Time of History Section, Valladolid International Film Festival, Spania  
Nominert til Nordisk Råds Filmpris 2002  
Nominert til European Film Award for dokumentar 2002

### **Did you leave us Blake (Rune Denstad Langlo/ Sverre Galgum)**

Beste dokumentar, Zoomin, Oslo

### **Heftig og begeistret (Knut Erik Jensen)**

Filmkritikerlagets pris 2001

### **Kroppen Min (Margreth Olin)**

Gullstolen, Kortfilmfestivalen  
Publikumsprisen, Kortfilmfestivalen  
Publikumsprisen, Lilla Filmfestivalen, Båstad, Sverige,  
Amanda for beste dokumentarfilm

### **Store, lille Trude-Mette (Benedicte Orvung)**

Hederlig omtale, Tromsø International Film Festival  
Seahorse Award for the best short documentary, Moondance Film Festival, Colorado, USA  
Corvos prisen for beste film, Nordisk Filmfestival, Kautokeino  
Best International Documentary, New York Independent Film Festival, USA



**Ung, vakker og begavet (Anne Kjersti Bjørn)**

Grand Prix de la Recherche, Unesco Art Film Festival, Paris, Frankrike  
Best Film on Arts, Asolo Art Film Festival, Roma, Italia

**Villrein (Asgeir Helgestad)**

BBC Newcomer Award, Wildscreen 2002, England

**Å seile sin egen sjø (Øyvind Sandberg)**

Hederlig omtale — FICC Award, Tromsø International Film Festival  
Hederlig omtale — Fipresci, Tromsø International Film Festival  
Beste Dokumentar, Den norske dokumentarfilmfestivalen, Volda  
Hederlig omtale, Kortfilmfestivalen

**Prisar og utmerkingar for filmar frå Den norske filmskolen**

**Internationale Festival der Filmhochschulen, München, Tyskland**

Award for most interesting School Programme.

**Aldri i livet (Ole Martin Hafsmo)**

3. prize School Films: The 43rd BRNO SIXTENN, Tsjekia

**Deep (Torstein Nodland)**

Special Mention, 12<sup>th</sup> Cergy — Pontoise International Short-Length Film Festival, Frankrike

**Himmelstormeren (Sara Johnsen)**

Beste norske kortfilm, publikumsjuryen, FABU, Sandnes

**Hormoner og andre demoner (Sara Johnsen)**

Festival Jury Prize, Internationale Festival der Filmhochschulen, München, Tyskland

**Mistet (Anna Myking)**

Beste eksperimentelle film, Zoomin, Oslo

**Sinnssyk i gjerningsøyeblikket (Ove R. Gyldenås)**

Prisen for beste kortfilm, publikumsjuryen: FABU, Sandnes

1<sup>st</sup> Prize, 12<sup>th</sup> Cergy — Pontoise International Short-Length Film Festival, Frankrike

**Sporløs (Erik Richter Strand)**

Honorary Mention of Festival Jury, Internationale Festival der Filmhochschulen, München, Tyskland

The Grand Prize — A head full of Films, The 43rd BRNO SIXTENN, Tsjekia

## Vedlegg 5

## Arrangement 2002

Innhald:	Type:	Kommentar:
Arthaus 10 år	Mottaking	Samarbeidsprosjekt
Hamsun på film	Utstillingsopning	
Fiin aargang	Lansering dokumentar-filmserie	
Quisten Animasjon	Animasjonskveld m/visingar og mottaking	
Færøysk filmdag	Filmer og mottaking	Samarbeid med Norden i fokus
Museumsstafetten	Film og mottaking	Museumssamarbeid, årvist
Quisling	Lansering dokumentar-filmserie	
Lavasir Nordrum	Digital poesi i 24 timar	Samarbeid med Ultimafestivalen
Ibsen på film: Terje Vigen	Laurdagsmatiné	
Ibsen på film: En folkefiende	Laurdagsmatiné	
Filmens Munch	Laurdagsmatiné	
Kvadraturdagen	Visingar og ope hus	Samarbeid i kvadraturen
Wenche Foss filmdiva Norge 2003	Laurdagsmatiné og mottaking	
Sonja Henie	Boklansering og mottaking	
Cined@ys	Laurdagsmatiné, visingar, seminar	
Katapult	Fagseminar for nyutdanna filmfolk	Samarbeidsprosjekt med Katapult
Reisen til julestjernene	Laurdagsmatiné	

**Vedlegg 6****Filmar som fekk importstøtte i 2002**

Tittel	Byrå	Sum	
Og mora di også	Arthaus	75 000,-	Importpris på Tromsø Int. Filmfestival
Hundredager	Arthaus	75 000,-	Importpris Bergen Int. Filmfestival
Tiden er ute	Arthaus	75 000,-	
24 Hour Party People	Oro	75 000,-	
Mitt liv som hund	SF Norge	30 000,-	Relansering
Eureka	Arthaus	20 000,-	
Gjøken	Fidalgo	75 000,-	
Brødrene Løvehjerte	SF Norge	60 000,-	Importpris FABU i Sandnes
Ali Zaoua	Arthaus	75 000,-	Importpris i 2001 utbetalt i 2002